

Årsmelding for Hifo Sogn og Fjordane året 2016-2017

Meldinga omfattar aktiviteten frå mai 2016 – mai 2017

Styret i arbeidsåret 2016/2017

Anders Timberlid (leiar)

Ulrike Spring

Kjerstin Risnes

Oddmund Løkensgard Hoel

Leiaren har vore sekretær.

Iris Helene Kopperud har vore skulekontakt

Tilstellingar og aktivitet|

Aktiviteten i HIFO, avd. Sogn og Fjordane har vor veldig låg det siste året. Laget har berre greidd å få i stand eitt arrangement i samarbeid med historikarmiljøet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane:

27 april: Førsteamanuensis ved Høgskulen, Knut Øyangen, har vore i Ghana og snakka med folk som vaks opp på 80-talet om deira barndomserfaringar. Emnet for kvelden er «Barndom i Ghana på 1980-talet», der Knut skal blant anna inn på tema vald, trolldom, og fotball.

Skulekontakten, Iris Helene Kopperud, har teke del i seminar arrangert av Cappelen forlag.

Medlemmene er elles aktive med ulike faglege prosjekt, og laget vert rådspurt i ulike saker, anten det gjeld undervisningsopplegg i skulen, radiointervju og skriving i lokalavisene i samband med større og mindre historiske skriveoppdrag. Fleire av medlemmene er i meldingsperioden i gang med større historiske arbeid som Fylkessoga for Sogn og Fjordane som kjem i oktober og historieverk for Florø.

Økonomi

Økonomien i laget er bra. Laget fekk eit driftstilskot på kr. 5000 frå sentralt hald for 2014/2015. Elles har vi brukt av midlar som laget har på konto.

Medlemmer

I det sentrale medlemsregisteret er lokallaget ført opp med 17 medlemmer.

Styrearbeid

Dei fleste i styret arbeider ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og har såleis dagleg kontakt om ulike saker. Forutan styremøte held vi kontakt via telefon og på e-post med dei andre i styret,

Sogndal, 23. mai 2017

Anders Timberlid

Leiar